

Kjære familie og vener av torshusingane

Invitasjon til familiekveld på Torshus Folkehøgskule 9.2.2019.

Det er ein gammal tradisjon her at vi ei veke kvar vinter har det vi kallar "familiekveldsveke". Dette er ei prosjektveke der målet er å få synt fram livet på folkehøgskolen for vener og familie den siste dagen i veka. I år er denne veka lagt til veke 6, og familiekvelden på laurdag 9.februar 2019. Det vil bli presentasjonar av linefaga som ein del av det elevane har drivi med i månadene som har gått. Det blir middag og underhaldning av ymse slag og muleg årsal til inntekt for eit føremål elevane blir samde om.

Elevane står sentralt i planlegginga både av veka og kvelden, og derfor byr gjerne kvelden på overraskingar både for dei inviterte og oss som arbeider her. Enno kjenner vi lite til programmet, men hald kontakten med elevane når det nærmar seg for å få oppdateringar på programmet. Det blir sjølvsagt òg høve til å sjå seg om på skolen. Sjølve programmet er på laurdags ettermiddag og kveld, men de må gjerne komma innom tidlegare på dagen for å sjå dykk ikring. Vi arbeider etter denne skissa:

09.00 frukost
11.30 dugurd/førmiddagsmat
Tid for presentasjonar av linefaga m.m.
16.00 middag
18.00 samling i gymsalen

Prisen er 250,- kr per pers inkludert middag. Merk innbetalinga med kor mange som kjem, og kontonummeret er 4270 08 34748.

Når det gjeld overnatting, er nok skolen full, og vi har diverre ingen rom for utleige til gjestene. De som gjester elevar med einerom, kan sova på flatseng på golvet der for 100,- kr natta inkludert frukost, men ta da med det de treng av sengetøy. Det er ikkje plass til fleire enn to på golvet. Det er muleg å finne overnatting i nærleiken av skolen, dei to øvste er nærast:

Aunemo Overnatting, Aunemovegen 21, 7320 Fannrem,	tlf. 917 07 744
Vertshuset Fannarheimr, Gryttingv. 2, 7320 Fannrem,	tlf. 919 09 112
Bårdshaug Herregård AS, Orkdalsveien 105, 7300 Orkanger	tlf. 72 47 99 00
Orkla Camping, Laksørveien 23, 7300 Orkanger,	tlf. 477 54 389

Vi håper du kan ta deg tid til å dele dagen og kvelden med oss. På grunn av servering med meir ynskjer vi ei tilbakemelding på kor mange som kjem, når, og om de skal overnatte her. Dette kan du gjera pr epost til torshus@torshus.com eller pr tlf 72 47 98 50 innan måndag den 14. januar.

Velkomne skal de vera!
Med helsing

Torshus Folkehøgskule

Torkjel Solem
rektor